

# NORGES BONDELAG



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Vår saksbehandler  
Harald Velsand  
+47 48 02 38 76

Vår dato  
29.11.2017  
Deres dato

Vår referanse  
16/00346-9  
Deres referanse

## **Regionreforma og oppgåvefordeling - innspel**

Vi viser til arbeidet som er sett i gang arbeid for å vurdere oppgåvefordeling mellom den regionale stat (Fylkesmannen) og fylkeskommunen, som det folkevalde organ på regionnivå gjennom arbeidet i ekspertutvalet, med tilhøyrande referansegruppe. Norges Bondelag vil med dette gje innspel til arbeidet.

Vi viser til særlig til punktet i mandatet om at «staten bør ha ansvaret for oppgaver som gjør krav på sentrale beslutninger og som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep for god oppgaveløsning»

### **Éin nasjonal landbrukspolitikk**

Landbruk er blant saksområda som er oppe til vurdering. Landbrukspolitikken vert i dag trekt opp gjennom stortingsmeldingar, stortingsvedtak, regjeringserklæringar, årlege jordbruksavtaler og ein rad med forskrifter. For dette politikkområdet er det svært viktig å sjå den nasjonale heilskapen. Regional arbeidsdeling er avgjerande for god utnytting av arealressursane me råd over, om vi skal makte å nå måla om auka produksjon på norske ressursar, slik Stortinget har vedteke. Den nasjonale landbrukspolitikken med produksjonsfordeling etter naturtilhøva er grunnlaget for at vi har landbruk i heile landet. Dette i sin tur er eit avgjerande grunnlag busetnad og levande bygder og for andre næringar som t.d reiselivet, næringsmiddelindustri og leverandørbedriftene.

Interesseavvegingar gjennom politiske prosesser avgrensa til fylkes/regionnivå vil gi ulik politikk over landet. Det vil vere uheldig av omsyn til arbeidsdelinga i næringa. Vidare er landbruket sterkt avhengig av stabilitet i rammevilkåra, langsiktige rammer samt indre samanheng i dei politiske føringane. Det siste gjeld spesielt med tanke på produksjon og marknad. Ei oppsplitting i regionale politikkar vil fort gjere politikken mindre pårekneleg og heilskapleg.

#### **Bondelagets Servicekontor AS**

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-postadresse:
Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO	Landbrukets Hus, Hollendergata 5 0190 OSLO	22 05 45 00	bondelaget@bondelaget.no
<b>Norges Bondelag</b> Bondelagets Servicekontor AS	<b>Org.nr.:</b> 939678670 <b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b> 8101.05.12891 <b>Bankkonto::</b> 8101.05. 91392	<b>Internett:</b> <a href="http://www.bondelaget.no">www.bondelaget.no</a>

Norges Bondelag vil peike på at mange oppgåver og budsjettpostar i landbrukspolitikken treng regional oppfølging for å sikre denne heilskapen. Det vil enklare å sikre dette gjennom at oppgåvene blir verande hos Fylkesmannen framfor å bli flytta til fylkeskommunen/regionen. Denne forvaltningsmodellen vil best følgje opp dei nasjonale føringane og måla på området, og fungere best overfor næringa samla sett.

### **Gjennomføring av landbrukspolitikken i kommunane**

Fylkesmannen har mykje kontakt med kommunane på landbruksområdet. Fylkesmannen rettleiar og gjer tydeleg den gjeldande politikken. Fylkeskommunen vil ikkje kunne fylle den rolla på same måte overfor kommunane gjennom instruksjonsmyndigkeit på landbruksområdet. Ei flytting av landbruksoppgåver kan derfor føre til ei dårligare koordinering mellom stat og kommune på landbruksområdet enn i dag. Dette gjeld også i arealforvaltinga, med t.d oppfølging av nasjonal strategi for jordvern.

Eit viktig tiltak for å få god lokal utvikling av landbruket, er å sikre kompetanse og ressursar i kommunal landbruksforvaltning. Dette, saman med god dialog med det statlege nivået er meir effektivt enn å bygge opp ein ny etat hos fylkeskommunen.

Fylkesmannen melder tilbake til sentrale styresmakter om situasjonen og utviklinga i eige fylke, også på landbruksområdet. Det ligg eit element av «korrektiv» frå Fylkesmannen si side i dette. Dette er nyttig for å sikre at den nasjonale politikken vert følgd opp og er tilpassa tilhøva i fylket/regionen og at den nasjonale politikken heng saman. Dersom oppgåvene vert lagt til fylkeskommunen kan denne tilbakemeldinga bli svekka – eller få ein utydeleg adressat.

### **Fagmiljø**

Fylkesmannen har ein kompetent stab med fagkunnskap og erfaring frå feltet. I dag har fylkeskommunen få tilsette og på landbruksområdet, og få oppgåver. Om ein del av oppgåvene skulle bli lagt til over til fylkeskommunen, er vi bekymra for at fagmiljøa vert svekka.

Det er eit prinsipp at kontroll og tilsyn framleis må ligge hos staten. Overføring av delar av landbrukssakene til fylkeskommune vil dermed måtte gje ei todeling av fagmiljøa, med fare for at fagmiljø vert svekka eller smuldrar opp.

Oppsummert konstaterer vi at det sterkeste offentlege regionale landbruksfaglege miljøet i dag er å finne hos Fylkesmannen. Denne forvaltningsmodellen verkar samtidig best tilpassa formålet om å ta vare på den heilskaplege politikken på feltet. Dette gjeld ikkje berre for å gjennomføre jordbruksavtala men også innanfor arealpolitikken, ikkje minst jordvernet. Norges Bondelag tilrar derfor at dei regionale oppgåvene og budsjettpostane i landbrukspolitikken framleis vert halde samla hos Fylkesmannen framfor heilt eller delvis bli overført til fylkeskommunen.

**Forvaltning av investeringsmidlane og regionreforma**

Forvaltninga av investeringsmidlane i landbruket er eit tema i regionreforma. I Trøndelag prøver ein nå ut ein ny og annleis forvaltningsmodell. I den modellen er forvaltninga av investerings- og bedriftsutviklingsmidlane (IBU), lagt til den nye felles Trøndelag fylkeskommune, framfor hos Innovasjon Norge.

Norges Bondelag vil understreke at styring og bruk av IBU-midlane er avtalt mellom partane i jordbruksavtalen, der ein er samde om å legge forvaltninga av midlane til Innovasjon Norge, slik at selskapet forvaltar investeringsmidlane på vegner av avtalepartane i jordbruket. Dette er nedfelt i jordbruksavtala fastsett av Stortinget. Det er opp til avtalepartane å fastsetje omfang og innretning på midlane. Partane i jordbruksoppgjeret må også behandle moglege endringar i modellen for styring og forvaltning av dei same midlane. Normalt vil det måtte skje i dei årlege jordbruksforhandlingane.

Vi gjer merksam på at fylkeskommunen alt i dag deltar i forumet som fastset prioriteringane for landbrukets investeringsmidlar i fylket. Det skjer i ein fast partnarskap samansett av Fylkesmannen, INs regionale eining, fylkeslaga til Bondelaget/Bonde- og småbrukarlaget og fylkeskommunen. Denne modellen varetar og balanserer tilhovet mellom sentral styring og lokal tilpassing av investeringsverkemidlane, samtidig sikrar den brukarmedverking frå landbruksnæringa lokalt.

Nedlegginga av regionstyra i IN har vore med på å gi den nemte regionale partnarskapen ei meir viktig rolle enn før, for å planlegge og tilpasse bruken av investeringsmidlane i fylket, i tråd med føringar lagt i jordbruksoppgjera og gjennom Stortingets behandling.

Sidan fylkeskommunane framleis er ein av eigarane av IN, også etter siste lovbehandling, har dei i tillegg høve til å gjere sin innflytelse gjeldande frå den posisjonen.

Med vennlig hilsen

*Elektronisk godkjent, uten underskrift*

Harald Velsand